



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Austrheim kommune – godkjenning av kommunal garanti til Aufera AS

Radøy kommune har i brev av 05.07.2019 fått godkjent av Fylkesmannen ein sjølvskuldnargaranti for Aufera AS sitt låneopptak i Kommunalbanken på 12,5 mill. kroner til kjøp av ein eigedom. I vedtaket til kommunen vart det gjort eit atterhald om at det blir etablert ein avtale med dei to andre eigarkommunane av Aufera AS, Austrheim og Fedje, om høvesvis fordeling av moglege utbetalingar under garantiperioden.

Kommunalbanken godtok ikkje atterhaldet som vart gjort i vedtaket til Radøy kommune. Dette er no endra, slik at Radøy kommune gjev full garanti for lånesummen og gjennom ein avtale mellom kommunane som varetek at ved eit utløyst garantiansvar som fører til utbetalingar frå Radøy kommune, skal kommunane Austrheim og Fedje utan opphald dekkja sin høvesvis del av utbetalinga. Fordelinga er rekna etter aksjedelen kvar kommune har i Aufera AS.

Austrheim kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 49/19:

- *Austrheim kommunestyre godkjenner avtalen med Radøy kommune om dekking ein høvesvis del av eit eventuelt utløyst garantiansvar for lån til AUFERA AS.*

Vedtaket og godkjenning av avtalen betyr at kommunen stiller ein garanti for sin del av eit samla garantiansvar, og må handsamast som ein søknad til Fylkesmannen om godkjenning av ein garanti etter lov og forskrift om kommunale garantiar.

Lov og forskrift om kommunale garantiar

Kommunelova § 51 pkt. 1 og 2:

1. *Vedtaket om å stille kausjon eller annen økonomisk garanti for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, skal godkjennes av departementet (fullmakt til Fylkesmannen av 27.02.2001).*
2. *Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv.*

Kommunelova § 51 punkt 3 seier at departementet kan fastsetje nærare reglar om garantiar. I forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar §§ 2 og 3 står det mellom anna følgjande:



2. Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon.
3. Vedtak om garantistillelse og garantiavtale/-erklæring skal alltid angi garantiens varighet. Ved garantier knyttet til investeringer skal garantiens varighet ikke overstige investeringsobjektets levetid. Garantiperioden kan ikke strekke seg utover 2 år fra forfall for fordringen mot hoveddebitor. Det kan ikke stilles garantier med varighet over 40 år.

Vurdering

Austrheim kommune sin aksjedel i Aufera AS er 37 % (Radøy 47 % og Fedje 16 %). Det betyr at ved ev. utløsning av garantien må kommunen dekkje 37 % av utbetalinger som er gjort av Radøy kommune. Årlege avdrag for lånet til Aufera AS er oppgjeve til kr 416 000. Etter aksjedelen vil det for Austrheim utgjere kr 154 000. I tillegg kjem utgifter til renter. I saka om godkjenning av garantien til Radøy kommune vurderte Fylkesmannen at det formelle og risikoen til kommunen for å stille ein sjølvskuldnerggaranti for lånet til Aufera AS, som å vere innanfor det som ligg i rammene etter lov og forskrift. Det som no må vurderast i tillegg, er risikoen som Austrheim kommune får ved å ta på seg eit indirekte garantiansvar på 37 % av samla garanti for lånet til Aufera AS. Austrheim kommune er registrert i Robek og har ein plan om å dekkje inn eit akkumulert underskot på knapt 5 mill. kroner innan 2020. For å klare dette har kommunen sett vi verk tiltak med sikte på å tilpasse drifta til eit lågare nivå. Dette betyr at igjen at det blir vanskelegare for kommunen å dekkje ev. utgifter knytt til garantien utan at det får følgjer for oppgåver og tenester som kommunen skal utføre.

I tillegg til våre vurderingar som vart gjort ved godkjenning av garantivedtaket til Radøy kommune, vurderer vi at det formelle og risikoen som Austrheim kommunen påteke seg ved dekking etter ein høvesvis del av eit eventuelt utløyst garantiansvar for lån til Aufera AS, som å vere innanfor det som ligg i rammene etter lov og forskrift.

Vedtak

Fylkesmannen godkjenner vedtaket til Austrheim kommunestyre i sak 49/19, i medhald av kommunelova § 51 nr. 1.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonssjef

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 MANGER